

Temaplan for kultur 2023-2035

Forslag til offentlig ettersyn

«Kultur bygger
lokalsamfunn»



[Lenke til elektronisk utgåve](#)

Stad kommune desember 2022



Stad
kommune

Innhald

1	Kultur byggjer lokalsamfunn	3
1.1	Innleiing	3
1.2	Kvifor ein temaplan for kultur?	3
1.3	Oppbygging av planen	4
2	Status, utviklingstrekk og utfordringar	4
3	Mål – slik vil vi ha det	5
4	Strategiske satsingsområde	6
4.1	Kulturen i Stad	6
4.2	Kulturskule	8
4.3	Bibliotek	10
4.4	Kulturarv	12
4.5	Frivilligsentralane	17
4.6	Operahuset Nordfjord	20
4.7	Kino	22
5	Premiss for gjennomføring	24
5.1	Finansiering over budsjett	24
5.2	Finansiering gjennom eksterne midlar	24
6	Vedlegg	25

1 Kultur byggjer lokalsamfunn

1.1 Innleiing

Kulturlivet i Stad er viktig for samfunnsutviklinga, stadidentiteten og omdømmet Stad kommune har. Langt ut over vår eigen region vert Stad rekna som eit kulturelt kraftsenter, og kulturlivet vårt bidreg til at Stad er ein attraktiv stad å besøke, etablere næring i, arbeide i og å leve i. Styrken i kulturfeltet i Stad kommune er evna og viljen til samarbeid. Store kulturelle fyrtårn har vorte utvikla i samskaping mellom frivillige, private aktørar og det offentlege. Denne samskapingsmodellen og dette miljøet, har blitt bygd opp over lang tid og er sjeldan og unikt! Dette må vi aktivt arbeide for å bevare og utvikle. Samarbeidet styrkar det frivillige kulturlivet og gjer at arrangement og andre kunstnariske uttrykk vert meir synlege, profesjonelle og lønsame. Samtidig skaper ringverknadane av kulturen betre sosial og økonomisk berekraft i Stad-samfunnet gjennom integrering og sosialisering av innbyggjarane, samt auka inntening hos lokale bedrifter.

Kultur byggjer identitet, tilhøyrse og samhald, og er med på å gjere oss til den vi er. Kulturplanen til Vestland fylke slår fast at «kultur bygger samfunn». Vår eigen kulturplan viser kor viktig kultur er i utviklinga av gode lokalsamfunn og i samfunnsbygginga. Kommunale tenester som kino, kulturhus, kulturskule og frivilligsentral, utgjer saman med den lokale kulturfrivilligheita det Enger-utvalet definerer som “den kulturelle grunnmuren”. Samfunns målet «*Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag*» skildrar kva samfunn vi ynskjer å skape i kommunen, og rommar mykje. Mellom anna stør samfunns målet opp under folkehelselova sine krav om at kommunen skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse. For å skape «heile menneske» og stette opp om god psykisk og fysisk helse, er det viktig at alle har moglegheit til å utforske og utfalde seg innanfor kunst, litteratur, film, musikk og andre kulturuttrykk gjennom heile livet, det vi i denne planen omtalar som «det kulturelle livsløpet».

Hovudmålet i planen lyder difor:

Stad kommune har eit rikt kulturliv der alle kan skape, oppleve og delta heile livet.

Kultur har eigenverdi, den er verdifull i kraft av å vere det den er. Å kunne ta del i og utøve kulturaktivitetar er meningsfullt og gjevande, både for den enkelte og for fellesskapet. Kultur er også eit middel for å byggje det samfunnet vi ynskjer. Å bruke kultur som ressurs er såleis med på å forankre kulturen si rolle i samfunnet. Å ha ein sterk kulturell grunnmur og ei god tilrettelegging for det kulturelle livsløpet gjev ei rekkje gevinstar i andre fagområde og samfunnssektorar. Temaplan for kultur framhevar kulturen sin eigenverdi, samtidig som kulturen si rolle i samfunnsutviklinga blir synleggjort og styrka.

1.2 Kvifor ein temaplan for kultur?

Formålet med kulturplanen er å sette retning for utviklinga av kulturen i Stad kommune dei neste 12 åra. Stad kommune skal ta ein aktiv posisjon i kulturegionen Vestland, og ynskjer å vere ein distriktpioner og eit kulturelt kraftsenter. Kulturlivet i Stad er ein viktig faktor i den lokale samfunnsutviklinga, og denne planen skal både synleggjere og forankre kulturen si rolle.

Ein heilskapleg kulturplan vil hjelpe oss å synleggjere satsingsområda våre, samt prioritere dei ulike strategiane og tiltaka som må til for å nå dei måla vi set oss. Planen skal omtale korleis Stad kommune skal vere ein aktiv kulturaktør, ein engasjert samskapingspartner og ein kunnskapsrik tilretteleggjar for både det frivillige og profesjonelle kulturlivet i kommunen.

Planen skal på den eine sida vere eit verktøy for å sikre at dei strategiske føringane kommunestyret legg for samfunnsutviklinga blir sett om til handling. På den andre sida skal planen vise og støtte opp under andre kulturaktørar si utvikling og utforske andre samskapingsformer. Saman med Stad kommune sine andre planar inngår kulturplanen i beslutningsgrunnlaget for økonomiplanen og handlingsprogrammet.

1.3 Oppbygging av planen

Temaplan for kultur er basert på ei samstilling av ulike kunnskapskjelder og innspel frå medverknadsprosessar som er samla i eit kunnskapsgrunnlag. «Kunnskapsgrunnlag temaplan for kultur 2023-2035» ligg ved planen. Temaplan for kultur tek opp i seg føringar frå nasjonalt og regionalt hald, samstundes som samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel og andre aktuelle lokale planar vert ivareteke.

Det er sju strategiske satsingsområde i planen. Kwart satsingsområde har eigne delmål som ligg under det overordna kultur målet, og som definerer det overordna målet nærare. Måla beskriv ein ønska tilstand i framtida - slik vil vi ha det. For kvart plantema er det utarbeidd strategiar – slik skal vi gjere det for å nå måla i planen, med tilhøyrande tiltak (oppdrag). Strategiane og tiltaka legg føringar på fordeling av dei økonomiske rammene for kultureiniga og skal ligge til grunn for kommunen sine prioriteringar.

2 Status, utviklingstrekk og utfordringar

Stad er ein langstrakt og spreiddbygd kommune med 120 kilometer reiseveg frå vestlegaste busetnad ved Stadhavet til dei austlegaste bygdene ved Hornindalsvatnet. Stad kommune ligg langt frå dei store byane og dei store kulturmiljøa, men har fleire kommunar i regionen med tilsvarande folkerike kommunesenter.

Vi har ein stor og mangfaldig kultursektor i Stad, beståande både av frivillige, private og offentlege kulturtilbod. Vi har ein sær eigen kulturarv med verdjar på internasjonalt nivå, og kulturelle fyrtårn som lyser langt utanfor kommunegrensene. I botnen for dette finn vi eit yrande frivillig engasjement som held historia og kulturlivet vårt energisk og levande.

Kultursektoren er mangfaldig, og utfordringsbildet for kultur dei neste 12 åra er difor samansett. Overordna kan ein sjå at økonomiske vilkår og evne og vilje til å satse på kultur i kommune-Noreg er utslagsgjevande for kor sterkt kulturlivet og kultur næringane står i den einskilde kommune.

Vi er no komne i ein situasjon der kultur blir mindre tilgjengeleg for delar av befolkninga. Det er eit skilje mellom dei som har råd å nytte seg av kulturtilbod og dei som ikkje har det. Dette gjeld gjennom heile “det kulturelle livsløpet”. Det er viktig at kulturplanen skisserer løysingar på korleis vi kan motverke dette. Om vi ikkje klarer å stanse denne utviklinga, klarer vi verken å nå samfunns målet vårt eller hovud målet i planen.

Tal basert på SSB-framskrivingar viser at vi i løpet av planperioden 2023 – 2035 vil ha ei befolkning som består av færre born, færre vaksne i yrkesfør alder og fleire eldre. Utvikling av kulturlivet blir framhelden som ein viktig faktor for stadsattraktivitet, bulyst, identitet og omdømme. I konkurransen om å rekruttere og halde på innbyggjarar kan kultur vere utslagsgjevande. Ei vidare satsing på kultur er soleis sær viktig, både for dei som bur her og dei som flyttar til.



Foto: Øystein Torheim

3 Mål – slik vil vi ha det

Stad kommune sin visjon er å vere «verdas beste vesle stad». Samfunns målet «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag» er ei kort skildring av det samfunnet vi ynskjer å skape. I kulturarbeidet har vi ein visjon om at kultur er ein viktig faktor for å utvikle samfunna våre - **kultur byggjer lokalsamfunn**. Ut frå dette har vi definert eit overordna kultur mål som skal hjelpe oss å nå både samfunns målet og visjonen vår.



4 Strategiske satsingsområde

4.1 Kulturen i Stad

Delmål 1

Vi tek vare på og vidareutviklar det som er unikt med kulturlivet i Stad.

Delmål 2

Kulturlivet vårt gjer Stad til ein attraktiv kommune å besøke og leve i.

Delmål 3

Stad kommune legg til rette for frivillig arbeid og samskaping.

Kvifor desse måla?

Stad har eit rikt, variert og livskraftig kulturliv, skapt av, med og for innbyggjarane våre. Å kunne ta del i og utøve kulturaktivitetar gjev innbyggjarane våre moglegheita til å leve meningsfulle og aktive liv. Langsiktige satsingar på kultur har skapt særreie arrangement og kulturaktørar som gjer kommunen vår attraktiv og unik, også for andre. Dette skal vi ta vare på, dyrke og ruste for framtida, slik at vi kan nå målet om «eit kulturliv der alle kan skape, oppleve og delta heile livet».

Delmål 1	
<i>Vi tek vare på og vidareutviklar det som er unikt med kulturlivet i Stad.</i>	
Strategi	Oppdrag/tiltak
Vi skal ta vare på og vidareutvikle dei kulturelle fyrtårna våre: <ul style="list-style-type: none">- Selja kloster- Opera Nordfjord- Malakoff Rockfestival- Sagastad- Norsk Fjordhestsenter- Operahuset Nordfjord- Fjordane Folkehøgskule	Ha føreseielege og gode samarbeidsavtaler mellom kommunen og fyrtårna. Arrangere jamnlege samarbeids- og samskapingmøter mellom kommunen og fyrtårna. Jobbe med å få oppretta distriktsmusikarstillingar knytt til Opera Nordfjord og Stad kulturskule. Vere ein samarbeidspart opp i mot fylke og stat. Vere ein aktiv eigar og samskapingspartnar.
Vi skal stimulere og støtte opp om kulturbasert næringsutvikling.	Vi skal nytte grunntankane i VAKN-modellen for å utvikle kulturlivet i Stad: <ul style="list-style-type: none">• Samhandle og koordinere på tvers av privat, offentleg og frivillig kulturliv.• Stimulere til kulturbasert næringsutvikling gjennom kunnskap- og kompetansedeling.

Delmål 2***Kulturlivet vårt gjer Stad til ein attraktiv kommune å besøke og leve i.***

Strategi	Oppdrag/tiltak
Kultur skal vere for alle.	Vi skal legge til rette for «det kulturelle livsløpet». Ha lågterskeltilbod der alle kan delta. Samarbeide om integrering- og inkluderingstiltak.
Vi skal ha ein sterk kulturell grunnmur.	Satse på det frivillige kulturlivet og levere gode kommunale tenester som kulturskule, bibliotek, kino og frivilligsentral.
Stad kommune skal vere ein framifrå arrangementskommune.	Ta vare på og vidareutvikle dei kulturelle fyrtårna våre. Stimulere til kunnskapsoverføring og kompetansedeling. Ha gode og føreseielege avtaler med store arrangørar. Legge til rette for god infrastruktur for større arrangement, både eksisterande og nye satsingar.
I Stad kommune finst det varierte og eigna arenaer til ulike kulturuttrykk.	Vere ein pådrivar og støttespelar i utviklinga av ulike fleirbruksareal, formidlingsarenaer og kulturrom. Støtte dei organisasjonseigde kulturhusa med kunnskap og kompetanse: <ul style="list-style-type: none">• «Huset i bygda»• Tilskotsportalen• Vestland fylkeskommune sine tilskotsordningar for kulturbygg• Kulturrom• Osv. Jobbe for eit prisnivå som gjer at frivillige lag og foreiningar har høve til å leige kommunalt eigde kulturlokale. Syte for god standard på kulturbygg som er i kommunal eige.
Kunst- og kulturbasert næring skal vere ein viktig del av kulturlivet i Stad kommune.	Søkje å ha eit næringsfond der også kulturbaserte næringar kan søkje midlar. Søkje KORO-midlar. Søkje å nytte lokale kunstnarar til utsmykking i offentlege byggjeprojekt.

Delmål 3

Stad kommune legg til rette for frivillig arbeid og samskaping.

Strategi	Oppdrag/tiltak
Det skal vere enkelt å vere frivillig i Stad.	Legge til rette for at frivillige, lag og organisasjonar kan skape aktivitet, møteplassar og engasjement.
Stad kommune skal jobbe etter frivilligpolitisk plattform.	Ha ein oppdatert og vedteken plattform.
Stad kommune skal ha frivilligsentralar.	Syte for den kommunale andelen av finansiering av frivilligsentralane, slik at ein kan løyse ut statlege midlar til drift.

4.2 Kulturskule

Delmål 1

Stad kommune gjev alle barn i kommunen eit kulturskuletilbod.

Delmål 2

Stad kulturskule gjev opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet.

Delmål 3

Stad kulturskule er aktiv i samfunnsutviklinga.

Kvifor desse måla?

I FN sin barnekonvensjon står det at alle barn har rett til fritt å delta i kulturliv og kunstnarisk verksemd. Kunst og kultur bidreg til å forme oss som mennesker. Danningsprosessen pågår heile livet, men er kanskje særskilt viktig for barn og unge. Vi har eit mål om at barn og unge som veks opp i Stad kommune skal kunne ta del i kulturlivet. Samstundes ynskjer vi å sikre at den kulturen som borna blir eksponerte for er variert og held god kvalitet. Delmåla byggjer vidare på kulturskulen sin mål i den lokale «Rammeplan for Stad kulturskule», vedteke i 2020: «*Vi har som mål å tilby eit mangfald av gode og likeverdige kulturskuletilbod til alle barn og unge i Stad kommune*». Kulturskulen sine delmål byggjer også vidare på delmål frå samfunnsdelen: «*Stad kommune arbeider for ein lukkeleg barndom, og sikrar at alle barn i Stad får ein trygg og tilpassa oppvekst i eit inkluderande fellesskap, med eit mangfaldig barnehage-, skule og fritidstilbod, der dei kan få nytta og utvikla evnene sine og bli sjølvstendige menneske med god psykisk og fysisk helse. (...) Ved å redusere sosial ulikskap har innbygarane i Stad kommune dei same moglegheitene og fridomen til å skape si eiga framtid*».

Delmål 1**Stad kommune skal gje alle barn i kommunen eit kulturskuletilbod.**

Strategi	Oppdrag/tiltak
Stad kulturskule skal tilby alle born eit tilbod i kulturskulen, anten individuelt eller i gruppe.	<p>Utvide tilbodet om musikk i barnehage.</p> <p>Utvide eksisterande tilbod innanfor visuell kunst, dans, song og instrumentalopplæring.</p> <p>Utvikle nye tilbod som t.d teater, skapande skriving, musikkproduksjon, foto og «kulturkarusell».</p> <p>Nytte ressursane på born og unge.</p>
Stad kulturskule skal arbeide for at undervisning i kulturskulen blir så billig som mogleg, slik at alle kan delta.	<p>Arbeide med støtteordningar som er inntektsprøvd.</p> <p>Arbeide for å senke prisane til eit kostnadsnivå som gjer at flest mogleg barn å delta.</p>
Stad kulturskule skal vidareføre samarbeidet med grunnskulane for å kunne tilby kulturskuleundervisning i skuletida.	<p>Utarbeide retningslinjer for samarbeidet.</p> <p>Vidareutvikle samarbeidet med oppvekstsektoren om gode undervisningshøve.</p>
Stad kulturskule skal ha egna lokale til dei ulike typane undervisning ein tilbyr.	<p>Stad kommune skal legge ein plan for korleis ein kan utbetre eksisterande lokale samt utvikle nye lokale som er tilpassa undervisninga.</p> <p>Spele inn behova for investering i budsjett- og økonomiplanperiode.</p> <p>Undersøkje mogleg ekstern finansiering for utbetring.</p>

Delmål 2**Stad kulturskule gjev opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet.**

Strategi	Oppdrag/tiltak
Stad kulturskule skal satse på kvalitet i undervisninga gjennom fagleg utvikling og riktig rekruttering.	<p>Søkje å tilsette lærarar som har minimum høgskuleutdanning innanfor sitt felt.</p> <p>Oppfordre og legge til rette for relevant etter- og vidareutdanning av kollegiet.</p> <p>Aktivt dele kunnskap og kompetanse internt i kollegiet.</p> <p>Følgje opp rekrutterings- og kompetanseplanen.</p>

Stad kulturskule skal ha ein oppdatert rammeplan.	Årleg gjennomgang av rammeplanen i samband med verksemdsplan og årsrapport, med rullering kvart 4. år.
Stad kulturskule skal ha eit fordjupingstilbod.	Arbeide med å vidareutvikle fordjupingstilbodet i kulturskulen, gjerne i samarbeid med andre kommuner.

Delmål 3

Stad kulturskule er aktiv i samfunnsutviklinga.

Strategi	Oppdrag/tiltak
Stad kulturskule bidreg til kulturell og sosial berekraft.	Styrke kulturskulen som ein del av den kulturelle grunnmuren. Skape arenaer og møtestadar der folk kan oppleve og utøve kultur.
Stad kulturskule skal samarbeide og samskape med andre aktørar i lokalsamfunnet.	Vidareutvikle og opprette nye samarbeid. Lage retningslinjer for samarbeidsavtaler. Systematisere samarbeid gjennom verksemdsplan og årshjul. Vidareføre arbeidet med Stad kulturskuleråd. Forvaltning av undervisningsressursane
Stad kulturskule skal bidra aktivt til «det kulturelle livsløpet».	Identifisere kva kulturelle undervisningstilbod som manglar i dag, og undersøkje om ein kan tilby desse gjennom kulturskulen. Vidareføre samarbeidet med Integreringstenesta, og utvikle nye tilbod.

4.3 Bibliotek

Delmål 1

Stad bibliotek er ein aktiv, oppdatert og inspirerende kunnskapsformidlar.

Delmål 2

Stad bibliotek er ein uavhengig møteplass og arena for samtale og debatt.

Kvifor desse måla?

Det norske folkebiblioteket er det mest utbredde terskellause gratistilbodet i landet, og ein av dei mest integrerande institusjonane vi har. Biblioteka er ein del av den kulturelle grunnmuren og eit av dei mest populære kommunale tilboda i landet. Biblioteka har som samfunnsoppdrag å fremje opplysning, utdanning og kulturell verksemd gjennom å stille bøker og media gratis til disposisjon for alle. Som demokratisk arena og uavhengig møtestad bidreg dei til sosial, økonomisk og kulturell berekraft, og er med på å viske ut skiljelinjer og redusere ulikskap blant innbygarane. Delmåla byggjer både på samfunnsoppdraget som er nedfelt i biblioteklova, og målsetningane i samfunnsdelen til Stad kommune.

Delmål 1	
<i>Stad bibliotek er ein aktiv, oppdatert og inspirerande kunnskapsformidlar.</i>	
Strategi	Oppdrag/tiltak
Stad bibliotek skal ha eit utadretta tilbod og drive aktiv formidling.	Drive aktiv marknadsføring for å gjere tilboda meir kjende. Lansere nye nettsider. Utvide spekteret av kva materiell ein lånar ut. Tilby arrangement som t.d. lesestunder og forfattarbesøk.
Stad bibliotek skal ha tilsette med høg fagleg kompetanse.	Oppfordre og legge til rette for relevant etter- og vidareutdanning av kollegiet. Aktivt dele kunnskap og kompetanse internt i kollegiet. Søkje å tilsette personell som har bibliotek-utdanning. Følgje opp rekrutterings- og kompetanseplanen.
Stad bibliotek skal ha eit aktivt samarbeid med skulane i kommunen.	Vere skulebibliotek for Eid vidaregåande skule. Ha eit aktivt samarbeid med grunnskular og barnehagar i kommunen.
Stad bibliotek skal ha kvalitet, allsidigheit og aktualitet i bok- og mediesamlinga.	Kontinuerleg utvide, oppdatere og kassere bøker og medier i samlinga. Ta omsyn til ynskje frå lånarar når ein kjøper inn til samlinga.
Stad bibliotek skal vere eit bibliotek i vekst.	Jobbe for å auke antal unike lånarar og antal utlån per år. Invitere til ulike arrangement for å nå nye publikumsgrupper.

Stad bibliotek skal utvikle og utvide bibliotekarenaene.	Søkje midlar om utvikling og fornying av bibliotekromma. Søkje å bruke bibliotekromma på nye måtar.
--	--

Delmål 2	
<i>Stad bibliotek er ein uavhengig møtestad og ein arena for samtale og debatt.</i>	
Strategi	Oppdrag/tiltak
Stad bibliotek skal vere tilgjengeleg for innbyggjarane.	Ha god og lett tilgjengeleg informasjon om biblioteket og tenestene, både digitalt og fysisk. Søkje å vere tilstades på andre arenaer enn i bibliotekrommet. Utvikle ordninga «meirope bibliotek» og legge til rette for sjølvbetening.
Stad bibliotek skal vere ein viktig inkluderings- og integreringsarena.	Arrangere språkkaféar og andre språktreff. Ha eit variert utval av bøker på ulike språk i samlingsa. Vere eit lågterskeltilbod for alle innbyggjarar. Vere ein møtestad for frivilligheita og ein arena for samskaping.
Stad bibliotek skal vere ein arena for utøving av demokratiske rettar.	Sikre innbyggjarane retten til fri og gratis kunnskap og informasjon.

4.4 Kulturarv

Delmål 1

Stad kommune legg til rette for vern av kulturarv av høg verdi.

Delmål 2

Stad kommune har gode arenaer for formidling av kulturarv.

Delmål 3

Stad kommune nyttar kulturarv som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling.

Kvifor desse måla?

Kulturarv handlar om spor etter menneske sine liv, både materielle og immaterielle. Kulturarv gir oss kunnskap og forståing av kven vi er og kor vi kjem frå. Det kan gi grunnlag for identitet, og bidra til stadutvikling og kulturvern. Kulturarv er ein ikkje fornybar ressurs. Samtidig kan vi ikkje ta vare på alt frå fortida. Det er difor viktig at vi legg til rette for vern av kulturarv av høg verdi.

Det er laga to kulturarvplanar i Stad kommune: *Kommunedelplan for kulturarv i Eid 2017-2029* og *Kommunedelplan for kulturarv i Selje 2019-2029*. Vi rullerer no måla og strategiane i desse to planane. Rekkefølga på måla er endra, slik at vi har bevaring som det første målet, deretter formidling og til sist samfunnsutvikling. Ein kan ikkje nytte kulturarven som ressurs i samfunns- og næringsutvikling før ein har sørgd for bevaring og berekraftig forvaltning av kulturminna, slik at kulturarven ikkje forvitrar over tid. Ein må også ha eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å legge til rette for god formidling.

Strategiane frå dei to tidlegare kulturarvplanane er vidareførte, men noko forenkla, og vi har lagt til nye strategiar. I tillegg til bevaring av materiell kulturarv, har vi og fleire strategiar retta mot immateriell kulturarv, handlingsboren kunnskap og kunnskapsutvikling. Vi har utvida med fleire typar formidling, som digital formidling og kulturarvarrangement. Under samfunnsutvikling har vi tatt inn mål frå strategi for stadutvikling og reiselivsstrategi, samt kulturvern.

Delmål 1	
<i>Stad kommune legg til rette for vern av kulturarv av høg verdi.</i>	
Strategi	Oppdrag/tiltak
Stad kommune skal ha eit godt kunnskapsgrunnlag om kulturarv av høg verdi. (NY)	Nytte kunnskapsgrunnlaget i kulturarvplanane som grunnlag for prioritering, vern og bruk av kulturarven i Stad kommune. Nytte KULA- registeret og NB-registeret som kunnskapsgrunnlag om kulturlandskap og kulturmiljø. Oppdatere SEFRAK-registeret. Oppdatere og ta i bruk digitale kunnskapsbasar om kulturarv i Stad kommune. Samarbeide med relevante forskings- og universitetsmiljø, Riksantikvaren og NIKU om oppdatering og formidling av ny kunnskap om kulturarv i Stad kommune.
Vi skal hente inn kunnskap og fagkompetanse i alle saker som vedkjem kulturarv av høg verdi. (NY)	Sikre tilstrekkeleg fagkompetanse og ressursar til å følgje opp arbeid med kulturarv i Stad kommune. Involvering av kommunens kulturarvansvarleg av fylkeskommunens kulturavdeling i sakshandsaming som vedkjem kulturarv av høg verdi.

	Nytte fylkeskommunens kulturarvkonulent aktivt.
Vi skal ta vare på immateriell kultur og handlingsboren kunnskap gjennom innsamling, dokumentasjon og bruk. (NY)	<p>Støtte opp om lag og foreningar som driv med immateriell kulturarv.</p> <p>Støtte opp om opplæring av- og lokal bruk av handverkarar med kompetanse innan restaurering.</p> <p>Legge til rette for samarbeid mellom frivillige og relevante fagmiljø om innsamling, registrering og formidling.</p>
Vi skal ta vare på materiell kulturarv gjennom kommunalt planverk.	<p>Opprette omsynssoner og gje føresegner i kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar for kulturminne av høg verdi.</p> <p>Utarbeide ny kommunedelplan for differensiert forvaltning av setrane.</p> <p>Utarbeide brannsikringsplan for tette trehusmiljø.</p>
Vi skal hjelpe eigarar til å ta vare på kulturminne av høg verdi.	<p>Rettleie eigarar av kulturminne med informasjon i søknadsprosessar.</p> <p>Dele informasjon om eksisterande søknadsordningar.</p> <p>Bidra med informasjon om lokale handverkarar som har kunnskap og erfaring i restaureringsarbeid.</p> <p>Revidere retningsliner for SMIL-midlar.</p> <p>Utarbeide aktsemdskart over faste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.</p> <p>Fritak frå eige-domsskatt for eigarar av bygningar av høg kulturhistorisk verdi.</p> <p>Oppdatere brosjyra «å eige eit gammalt hus».</p> <p>Vurdere å etablere eit nettverk for eigarar og forvaltarar av kulturarv av høg verdi.</p>

Delmål 2

Stad kommune har gode arenaer for formidling av kulturarv.

Strategi

Oppdrag/tiltak

Vi skal planlegge for god formidling av kulturarv i samarbeid med fagmiljø og frivillighet. (NY)

Utarbeide formidlingsplan for UKL-område.

	<p>Bidra til fylkeskommunen sin forvaltningsplan for Selja kloster.</p> <p>Følgje opp Kjelda og gjennomføre moglegheitsstudium for formidlingssenter for Sankta Sunniva og Selja kloster.</p> <p>Følgje opp moglegheitsstudium for Selje prestegard som pilegrimssenter og formidlingsarena.</p> <p>Gjennomføre moglegheitsstudium for Malakoff-området.</p> <p>Gjennomføre moglegheitsstudium for formidling i Moldefjorden.</p> <p>Bidra til moglegheitsstudium for formidling knytt til arkeologiske utgravingar på Seljesanden.</p>
Vi skal legge til rette for formidling av kulturarv gjennom etablerte og nye formidlingsarenaer. (NY)	<p>Ta i bruk og utvikle etablerte kommunale kulturarenaer i samarbeid med fagmiljø og frivillige.</p> <p>Samarbeide med og legge til rette for utvikling av andre etablerte og nye formidlingsarenaer i samarbeid med relevante fagmiljø.</p> <p>Bidra til å løfte fram andre tema som ikkje er nemnd i kunnskapsgrunnlaget.</p>
Vi skal formidle kulturarv gjennom fysisk tilrettelegging i nærmiljøet.	Rydde, skilte og merke stiar og turløyper knytt til kulturminne og kulturlandskap.
Vi skal legge til rette for formidling av kulturarv gjennom digital plattformar. (NY)	<p>Ta i bruk, marknadsføre og vidareutvikle animasjon av Selja kloster og helgenanlegg.</p> <p>Heilskapleg plan for digital formidling av kulturarv i Stad.</p> <p>Samordne, koordinere og bidra til digitale plattformar.</p> <p>Legge til rette for opplæring og bruk av digitale kunnskapsbasar.</p> <p>Bygge opp og systematisere kunnskapsbasar om kulturarv i Stad k samarbeid med fagmiljø.</p>
Vi skal støtte opp om formidling av kulturarv gjennom litteratur. (NY)	Støtte opp under arbeid med lokalhistorisk litteratur, tidsskrift og bygdebøker.

	<p>Støtte opp under akademisk forskning og publisering knytt til kulturarv av høg verdi i Stad, som for eksempel Myklebustskipet.</p> <p>Utarbeide og oppdatere brosjyrer knytt til kulturarv av høg verdi i Stad, som Sagaløypa, Selja kloster m.m.</p>
Vi skal støtte opp om formidling gjennom aktiviteter og arrangement. (NY)	<p>Legge til rette for formidling av kulturarv i Stad gjennom Den Kulturelle Skulesekken og Den Kulturelle Spaserstokken.</p> <p>Støtte opp om kulturarvformidling gjennom aktiviteter som spel, festivalar og relevante temadagar.</p> <p>I samarbeid med frivilligheita, støtte opp om turar/vandringar til kulturminne.</p>

Delmål 3

Stad kommune nyttar kulturarv som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling.

Strategi

Vi skal løfte fram private initiativ og frivillige organisasjonar som gjer ein stor innsats for bevaring og formidling av kulturarv. (NY)

Oppdrag/tiltak

Etablere ein kulturminnepris i Stad.

Framsnakke lokale prosjekt som har fått støtte frå kulturminnefondet.

Framsnakke og støtte opp om frivilligheita sin innsats knytt til bevaring og formidling av kulturarv i Stad.

Vi skal legge til rette for at kulturarv kan nyttast som grunnlag for kulturbasert næringsutvikling. (NY)

Forankre og vidareutvikle reiselivsstrategien gjennom Nordfjord smak, Nordfjord spor og Nordfjord saga.

Samarbeide med Visit Nordfjord og andre aktørar om formidling av kulturarv i Stad som grunnlag for utvikling av reiselivsnæringa.

Samarbeide med Stad Vekst og private aktørar om utvikling av lokalt næringsliv basert på kulturarv.

Samarbeide med stat, fylkeskommune, kyrkje, næring og frivilligheit om utvikling av kystpilegrimsleia og Selje regionale pilegrimssenter.

Nytte VAKN-modellen som utgangspunkt for samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor.

Vi skal legge til rette for at kulturarv kan nyttast som ein ressurs i stadutvikling. (NY)	Ta i bruk Stad kommune sin strategi for stadutvikling. Arbeide tverrfagleg og nytte ulike tilskotsordningar i stadutviklingsprosjekt som kombinerer kulturarv med t.d. idrett, friluftsliv, folkehelse, integrering og samskaping.
--	---

4.5 Frivilligsentralane

Delmål 1

Frivilligsentralane er eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

Delmål 2

Frivilligsentralane er aktive i samfunnsutviklinga.

Delmål 3

Frivilligsentralane får folk til å møtast.

Kvifor desse måla?

For å nå Stad kommune sine samfunns mål om å ha levande og aktive lokalsamfunn der alle dreg i lag, må vi legge endå betre til rette for frivillig sektor og samskaping mellom frivillige, kommune og andre. Desse tre delmåla dekker formålsparagrafen til tilskotsordninga for Frivilligsentraler. Ved å definere strategiar og oppdrag/tiltak til desse måla viser Stad kommune korleis frivilligsentralane kan bidra i arbeidet med å gjere det enkelt å vere frivillig i Stad kommune.

Delmål 1	
<i>Frivilligsentralane er eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.</i>	
Strategi	Oppdrag/tiltak
Frivilligsentralane skal vere nær dei frivillige og gjere vegen mellom kommune og frivillige kort og enkel.	Gjere frivilligsentralane til kommunen si dør inn for frivillige, både fysisk og digitalt. Frivilligsentralane skal vere sentralt plassert og lett tilgjengleg. Etablere og utvikle gode digitale løysingar for samarbeid og samhandling mellom kommune og frivillige. Avklare roller og ansvarsdeling i kommuneorganisasjonen når det gjeld samarbeid og samhandling mellom frivillige og kommune.

	Etablere enkle rutiner for tverrfagleg samarbeid knytt til prosjekt der frivillige er involvert.
Frivilligpolitisk plattform skal vere styrande for samhandlinga mellom kommuneorganisasjonen og frivilligheita.	Frivilligpolitisk plattform skal vere godt kjend hos alle tilsette og politikarar i Stad kommune. Frivilligpolitisk plattform skal vere godt kjend i frivillige lag og organisasjonar i Stad kommune. Rullering av Frivilligpolitisk plattform vert gjort regelmessig, med aktiv involvering av frivillige.
Stad kommune skal ha eit aktivt Frivilligråd.	Etablere fast Frivilligråd som eit oppgåveutval, der frivillige har fleirtal. Frivilligrådet/frivilligsentralane arrangerer 2 årlege møteplassar mellom kommune og frivillige. Frivilligrådet/frivilligsentralane legg til rette for kunnskapshevande tiltak for frivillige etter behov.
Det skal vere god informasjonsflyt mellom kommune og frivillige.	Enkel veg til digital informasjon. Universelt utforma informasjon mellom frivillige og kommune; tilrettelagt for høyrsel- og synshemma, tilgjengeleg på fleire språk, redusere digital utanforskap m.m. Gjere heile frivilligheita godt synleg gjennom digitale verktøy som alle kan bruke, t.d. foreningsportalen, frivillig.no, ungfritid.no Legge til rette for at flest mulig frivillige organisasjonar registrer seg i frivilligregisteret og held informasjon oppdatert. Gode og godt kjende opningstider og låg terskel for å ta kontakt.

Delmål 2

Frivilligsentralane er aktive i samfunnsutviklinga.

Strategi

Frivilligsentralane skal vere eit ressurscenter for frivillig arbeid og stimulere til frivillig innsats.

Oppdrag/tiltak

Formidle kunnskap om verktøy som gjer det enkelt å vere frivillig i Stad.

Følgje opp og revidere Frivilligpolitisk plattform for Stad kommune.

Legge til rette for ein oppdatert Stad Foreningsportal.

	<p>Stad kommune skal abbonere på Tilskotsportalen og informere om tilskotsordningar generelt.</p> <p>Drive kompetansehevingstiltak for frivillige.</p> <p>Koordinere arbeidet med einskildfrivillige som ønkjer å bidra.</p> <p>Bidra til å synleggjere behov som frivillige kan vere med på å løyse.</p> <p>Legge til rette for auka bruk av rekrutteringsvertøy som Frivillig.no, Ungfritid.no, frivilligsentralane sine nettsider.</p> <p>Ha forsikringsordningar for frivillige.</p> <p>Legge tilrette enkle system for booking av kommunale lokale til aktivitet i regi av frivillige.</p> <p>Arbeide for transportløyisingar til aktivitetar, arrangement og møteplassar i regi av frivillige.</p>
<p>Frivilligsentralane skal mobilisere og samordne frivillig innsats i eit samarbeid mellom eldsjeler/lag og organisasjonar/næringsliv og det offentlege.</p>	<p>Arrangere frivilligbørs minst annakvart år.</p> <p>Etablere idebank for aktivitetar og prosjekt og synleggjere denne.</p> <p>Legge til rette for etablering av nye frivillige organisasjonar og grupper.</p> <p>Gjere vegen mellom ide og handling kort for dei frivillige.</p> <p>Kople behov og ressurs.</p> <p>Vere igangsetjarar og fasilitatorar for samarbeidsprosjekt som inkluderer frivillige der det er naudsynt.</p> <p>Gje bistand, støtte og hjelp til frivillige ved behov.</p> <p>Søkje prosjektmidlar til prosjekt som kan gjennomførast i regi av eller i samarbeid med frivillige.</p>
<p>Frivilligsentralane i Stad skal heve kunnskapen kring frivillig arbeid og innsats.</p>	<p>Synleggjere verdien av frivillig arbeid.</p> <p>Spreie kunnskap til innbyggjarane om dugnadsinnsats og det å vere frivillig.</p> <p>Spreie kunnskap om dugnadsinnsatsen sin eigenart til næringsliv og offentlege tenester.</p>
<p>Delmål 3</p>	
<p><i>Frivilligsentralane får folk til å møtast.</i></p>	

Strategi	Oppdrag/tiltak
Frivilligsentralane legg til rette for opne, mangfaldige og samskapande møteplassar i samarbeid med frivillige, næring og kommune.	Vidareutvikle frivilligsentralane, innbyggjartorget i Selje og Eidsgata 9.
Frivilligsentralane sine lokale skal vere opne og tilgjengelege for alle.	Universelt utforma lokale. Gratis å bruke for frivillige.
Frivilligsentralane skal ha god kompetanse på samskaping.	Tilsette i frivilligsentralane har frivilligkoordinatorutdanning. Tilsette i Frivilligsentralane har grunnkompetanse i samskaping og samskappingsprosessar.
Frivilligsentralane skal fremje mangfald i frivillig aktivitet.	Arrangere ALLEMED-prosessar. Arbeide for at frivillige, kommune og andre tek i bruk inkluderingverktøy. Legge til rette for at alle kommunalområder kan synleggjere frivillig aktivitet til brukarar i sine tenester.
Frivilligsentralane skal vere opne for alle og arbeide for å inkludere alle som har lyst til å delta i ulike former for frivillig arbeid.	Frivilligsentralane skal vere enkle å nå både fysisk og digitalt, og ha godt kjende opningstider. Tilgjengelig informasjon om frivillig arbeid på ulike språk. Universelt utforma lokale, nettsider og informasjon.

4.6 Operahuset Nordfjord

Delmål 1

Operahuset Nordfjord er eit kulturelt fyrtårn i regionen.

Delmål 2

Operahuset Nordfjord gjer Stad til ein attraktiv kommune å besøkje og leve i.

Kvifor desse måla?

Operahuset Nordfjord er meir enn berre eit kulturhus. Det er eit kulturelt fyrtårn for regionen, og ein samlingsstad for heile Nordfjord. Måla og strategiane som er valde ut skal sikre at Operahuset held sin posisjon som fyrtårn, og bidreg til utvikling i Stad kommune. Operahuset Nordfjord er eit hus der ein har moglegheit til å skape, oppleve og delta heile livet, slik hovudmålet vårt seier. Huset og aktivitetane i det vekkjer merksemd langt utover kommunegrensene. Dette skapar eit positivt omdømme, identitet og bulyst, og er med på å gjere Stad til ein attraktiv kommune.

Delmål 1

Operahuset Nordfjord er eit kulturelt fyrstårn i regionen.

Strategi	Oppdrag/tiltak
Operahuset Nordfjord skal vere ein føretrakt arena for aktørar og arrangørar nasjonalt, regionalt og lokalt.	<p>Yte aktiv og god service før, under og etter arrangement.</p> <p>Arbeide for å få leige meir naudsynt areal frå Vestland fylkeskommune i tilknytning til scene- og backstageområde.</p> <p>Undersøkje og utrede moglegheitene for å bygge ein dansesal/fleirbrukssal i tilknytning til Operahuset Nordfjord.</p> <p>Levere tekniske tenester av høg kvalitet.</p> <p>Ha oppdatert teknisk utstyr av høg kvalitet innan lyd, lys, AV og scene.</p> <p>Kartlegge standard og utarbeide behovsanalyse for oppgradering av teknisk utstyr.</p>
Operahuset Nordfjord skal vere synleg og anerkjent.	<p>Ha arrangement som får merksemd nasjonalt, regionalt og lokalt.</p> <p>Marknadsføre huset godt med ein tydeleg profil.</p> <p>Levere tenester av høg kvalitet innan teknikk, vertskap og administrasjon.</p> <p>Evaluerer eigen innsats og kontinuerleg søkje å heve kompetansen i kollegiet.</p> <p>Programmere/booke aktivt for å tilby eit breidt utval av kulturopplevingar, og oppnå gode resultat for oss sjølve og samarbeidspartnarar.</p>
Operahuset Nordfjord skal styrke samarbeidet med sine største leigetakarar og samarbeidspartnarar.	<p>Vere ein aktiv støttespelar for Opera Nordfjord.</p> <p>Styrke samarbeidet med Eid vidaregåande skule og Vestland fylkeskommune.</p> <p>Vidareutvikle samarbeidet med Malakoff Rockfestival.</p>

Delmål 2

Operahuset Nordfjord gjer Stad til ein attraktiv kommune å besøke og leve i.

Strategi	Oppdrag/tiltak
Operahuset Nordfjord skal vere eit hus for alle.	Vere eit hus der det er mogleg å skape, oppleve og delta i kultur. Vidareutvikle huset som fleirbruksarena og storstove. Samarbeide med og vere ein støttespelar for frivillige, lag og organiasjonar, institusjonar, næringsliv, kommunale einingar osv. Dele kunnskap og kompetanse. Tilby eit breidt spekter av kulturopplevingar, som ein del av det kulturelle livsløpet.
Operahuset Nordfjord skal bidra til sosial og kulturell berekraft.	Vere ein inkluderande møtestad. Ha tilbod med låg terskel for deltaking. Vere ein arena for deltaking, demokrati og mangfald.

4.7 Kino

Delmål 1

Innbyggjarane i Stad kommune har eit godt og variert kinotilbod.

Delmål 2

Stad kommunale kino er ein moderne og driftssikker kino som leverer gode opplevingar til publikum. Kvifor desse måla?

Kino er eit av dei mest nytta kulturtilbodet vi har. I tillegg syner tal frå SSB at kino er det tilbodet som befolkninga i størst grad nyttar seg av på tvers av sosioøkonomiske skiljelinjer. Dette gjer kinoen til eit viktig lågterskeltilbod og inkluderingsarena.

Strøymetenester er kinoen sin største konkurrent, og tek stadig ein større andel av filmmarkedet. Det er difor viktigare enn nokon gong at kinoane gjev publikum «det vesle ekstra» slik at kinoopplevinga blir noko større enn berre filmvisninga. Dette krev at kinotilbodet er føreseieleg, driftssikkert og at det er mangfald og variasjon i filmtilbodet.

Delmål 1

<i>Innbyggjarane i Stad kommune har eit godt og variert kinotilbod.</i>	
Strategi	Oppdrag/tiltak
Stad kommune skal ha ein god kommunal kino.	Sikre god drift.
Stad kommune skal legge til rette for at eksterne aktørar skal kunne ha filmvisningar i kommunen.	Fornye eksterne aktørar sine konsesjonar for filmvisning kvart 5. år. Jobbe for at Bygdekinoen og Stad kino sine tilbod utfyller kvarandre på best mogleg måte.
Kinotilbodet skal vere eit lågtersketilbod.	Kinoen skal vere ein arena for inkludering og mangfald. Samarbeid med andre kommunale einingar om å tilby kino til låginntektsfamiliar.

Delmål 2	
<i>Stad kommunale kino er ein moderne og driftssikker kino som leverer gode opplevingar til publikum.</i>	
Strategi	Oppdrag/tiltak
Stad kino skal ha eit oppdatert og driftssikkert visningsutstyr for lyd og bilde.	Det skal årleg utførast service på utstyret for å sikre eit driftssikkert tilbod og lengst mogleg levetid på utstyret. Teknisk utstyr skal oppgraderast og/eller bytast ut innan det påverkar driftssikkerheita. Ved innkjøp av nytt utstyr skal ein legge vekt på berekraft og energieffektivitet. Der det er mogleg skal Stad kino søkje eksterne midlar/støtteordningar/tilskot for energisparande tiltak. Kinoteknisk utstyr skal settast opp på investeringslista.
Stad kino skal ha eit godt kiosktilbod.	Ha eit variert vareutval. Utvikle kiosktilbodet med nye varer og produkt.
Stad kino skal ha eit variert filmtilbod.	Ha eit filmtilbod med god variasjon av sjangrar og opphavsland, og som representerer både det kommersielle og det meir kunstnariske uttrykket. Ha eit filmtilbod som treff ulike alders- og interessegrupper. Ha eit filmtilbod med filmar frå ulike opphavsland.

	<p>Ha eit utval av ulike tilbod for å støtte det kulturelle livsløpet.</p> <p>Ha visningar på fleire visningsdagar og til fleire tidspunkt.</p> <p>Ha eit kvalifisert og engasjert personell.</p>
<p>Stad kino skal samskape med ulike aktørar for å gje publikum ei endå betre kinooppleving.</p>	<p>Arrangere aktivitetar anten aleine eller saman med frivillige lag, organisasjonar eller andre for å skape ekstraaktivitetar og større opplevingar for publikum.</p> <p>Samarbeide med Bygdekinoen.</p>

5 Premiss for gjennomføring

5.1 Finansiering over budsjett

Gjennomføring av temaplan for kultur skjer gjennom bruk av kommunale drifts- og investeringsmidlar, løyvingar frå fylke og stat, brukarbetaling og inntekter knytt til arrangement og utleige.

Fordeling av kommunale løyvingar skjer gjennom dei årlege budsjett- og økonomiplanprosessane. Dette er rammer for kommunen sine egne midlar fordelt på investeringstiltak og tiltak til drift og vedlikehald. Kommunestyret vedtek økonomiske rammer i desember kvart år for påfølgjande budsjett- og økonomiplanperiode.

Økonomiplan med handlingsprogram skal gje eit heilskapleg oversyn over behov for ressursar og tiltak for å gjennomføre denne planen og andre kommunale planar. Temaplan for kultur er difor eit viktig grunnlag for kommunen sin budsjettprosess. Slik får vi synleggjort behovet for langsiktige rammer i økonomiplanen og årlege budsjettvedtak både for drift, vedlikehald og investeringar.

5.2 Finansiering gjennom eksterne midlar

Nokre av fagområda innan kultureininga mottok årleg eksterne midlar til drift, medan andre har inntekter. Desse er lista opp under:

Kulturarv

- Selja kloster – tilskot til skjøtsel frå Vestland fylkeskommune
- Selje regionale pilegrimsenter – driftstilskot frå Vestland fylkeskommune og statlege midlar

Frivilligsentralane

- Driftstilskot frå Kulturdepartementet – utgjer 60% av driftskostnadane
- Prosjektmidlar frå ulike kjelder – stat, fylke, fond, sparebankar, osv.

Bibliotek

- Refusjon frå Vestland fylkeskommune for bibliotektenester for Eid vidaregåande skule

Kulturskule

- Brukarbetaling og refusjonar – utgjer mellom 40% - 75% av lønskostnadar

Operahus og kino

- Billetttinntekter
- Leigeinntekter
- Salsinntekter

6 Vedlegg

- 1) [Kunnskapsgrunnlag for temaplan for kultur 2023 - 2035](#)
- 2) [Eid kommune - Kommunedelplan for kulturarv 2017-2029](#)
- 3) [Kommunedelplan for kulturarven i Selje kommune 2019-2029](#)
- 4) [Oversikt over kulturhus i Eid og Selje \(2018\)](#)
- 5) [Bulystprosjektet VAKN - Vårt akademi for kultur og næring. Prosjektrapport 2010-2014](#)